

Aktiv kommune



– for innbyggerne

Kommunen sin administrasjon og sine politikarar skal vera der for å hjelpa den enkelte innbyggjar. Bjerkreim skal vera ein attraktiv kommune å bu i og drive næringsverksemd i. Dette krev utvikling av gode bustadfelt, sykkelstiar og næringsområder. Leiinga av kommunen må spesielt vera aktiv utad for å trekkje til seg ny næringsverksemd og gjere kommunen kjent i fylket og elles i landet. Kommunen må teikne ein tydeleg miljøprofil.

Bjerkreim Venstre vil ha eit tett samarbeid med nabokommunar for samordning av tenestar som Bjerkreim får god nytte av, men ønsker ikkje noko kommunesamanslåing.

Det skal ikkje vera nokon eigendomsskatt i Bjerkreim.

Bjerkreim som eige Trade Mark

Bjerkreim Venstre ønsker å skape Bjerkreim™ som ein varemerke for natur, miljø og oppvekstvilkår. Både innbyggjarar og folk utanfrå skal forbinde namnet Bjerkreim™ med eit varemerke for godt miljø. Det kan vi gjera med din stemme på valdagen.

Bjerkreim Venstre stiller til val med mange gode kandidatar. Dei to fremste kandidatane våre er Tore Malmei og Leif Morten Songe.

Våre toppkandidatar



Tore Malmei

fødd-58 i Bjerkreim, gift med Siril Nyland.

Tore er utdanna veterinær ved Freie Universitæt Berlin i -83. Har sidan dreve med allsidig praksis, hovudsakeleg stordyrpraksis I seinare tid spesielt hestepraksis.

Tore driv i tillegg gardsbruk på Malmei i Bjerkreim med sau og hesteoppdrett. Han engasjerer seg nå i kommunepolitikken fordi han ønsker å fremme Venstres politikk: aktiv næringspolitikk inkl. landbruk og bærekraftig forvaltning av ressurs og miljø i Bjerkreim



Leif Morten Songe

fødd-80 i Bjerkreim, gift med Irene Songe.

Arbeider som IT-systemansvarleg nos Navico i Egersund. Fritida går med til fluefiske, musikk, fotball og familie. Han er mykje ute i naturen. Forholdet til Bjerkreimsnaturen er sterkt. **Me må ta vare på naturen vår!**

Leif Morten er glad i musikk, og i å spila musikk. Med musikk, drama, teater kan vi lære barna å meistre, og verta tryggare på det samfunnet me bur i. Leif Morten lovar å gjære sitt, for at kultur vert sett på dagsorden i kommunen i kommande periode. Tenk nytt og spanande, vid ut horisonten. Stem Venstre!

Bjerkreim Venstre si liste



1. **Tore Malmei**
Veterinær/
Bonde



4. Mauritz
Bjerkreim



7. Susanne
Ueland
Daglig leder



2. **Leif Morten Songe**
Systemansvarlig



5. Irene
Thorberg Songe



8. Ola Vikeså
Lagersjef



3. Sissel Grøtteland
Vikeså
Serigraf



6. Kristoffer Emil
Ueland
Miljøterapeut



9. Stig Jøran
Vikeså
Servicesjef



venstre

Følg oss på nettet på
www.venstre.no/rogaland/bjerkreim
send e-post til
bjerkreim@venstre.no



venstre

Bjerkreim Venstre Program 2007 – 2011

Varemerke for godt miljø

Bjerkreim er ein usedvanleg god landbrukskommune rik på mange ressursar. Bjerkreim Venstre har som mål at kommunen skal vera den beste staden i Noreg å bu i. Difor stiller Bjerkreim Venstre liste i kommunen for fyrste gong på 40 år.

Kommunen må bli flinkare til å ta vare på naturressursane i kommunen. Det er desse ressursane som skal leggje grunnlag for nye næringar og vekst i framtida.


Både innbyggjarar og folk utanfrå skal forbinde namnet Bjerkreim med eit godt miljø. Difor vil Venstre inn i kommunestyret og vera med å bestemma utviklinga av kommunen.

Eit rikt kulturtilbod er sjølvsagt i ein kommune der varemerket er eit godt miljø.

Kommunen treng nye impulsar og idear. Venstre sitt verdigrunnlag basert på fridom for den enkelte og ansvar for fellesskapet blir spanande nye tankar å ta med. Stem Venstre på valdagen i Bjerkreim.



Miljø – det viktigaste



Ei undersøking viser at over 25 prosent meiner miljø er den viktigaste saka når dei skal velja parti. Eit ønske om å vera ein miljøkommune forpliktar.

Bjerkreim har flott natur med fjell, vidder, myrer, fossar, utallige fiskevatn og med ei av Noregs beste lakseelver.

Dette må me ta vare på. Me vil arbeida for at heimbygda vår blir like fin også for våre barn og barnebarn.

Bjerkreim Venstre vil ikkje ha utbygging av store vindkraftanlegg i Bjerkreim. Dette medfører store inngrep i naturen, både visuelt og i form av breie anleggsveggar. Vindkraft er rein kraft, men den må byggjast ut der den ikkje gjer skade på naturen. Utbygging av vindkraft i Bjerkreim må sjåast i nær samanhang med annan vindkraftutbygging i Rogaland og andre måtar å laga rein energi på.

Bjerkreim Venstre vil passe på at utbygging av hyttefelt skjer skånsamt. Eit hyttefelt er ikkje eit nytt bustadområde, men ein stad for rekreasjon og friluftsliv.

Bjerkreimsvassdraget har stor nasjonal betydning som lakseelv, og elva vil også i framtida vera eit trekkplaster for turistnæringa. Dette må kommunen dra meir nytte av. Bjerkreim Venstre vil arbeide for at vassdraget blir verande like livskraftig som i dag, og at vernet ikkje blir uthula.

Kommunen må utvikla ein eigen klimaplan. Planen skal handsama kommunen sin bygningsmasse, transportbehov, plassering av nybygg/bustadar slik at alternativ energi kan nyttast. Formålet er å redusera bruken av energi og utslepp av CO2.

Sosialt ansvar



Forutsigbar eldrepolitikk

Bjerkreim Venstre meiner me må ha ein eldrepolitikk som er forutsigbart og som gir folk tryggleik. Alle må kjenna at tilbode tenar deira behov. Gode eldrebustader, gode heimebaserte tenestar, fleire stillingar og aktivitetar for eldre må kommunen leggja til rette for.

Skule og kultur

Bjerkreim Venstre ser for seg vekst i kommunen. Venstre vil arbeida for at skulane har nok plass, og for betre samordning av skuletilbodet i Bjerkreim. Kommunen må syte for at lærarane får gode arbeidsvilkår og nødvendig kompetanse. Bjerkreim Venstre ønsker at respekt og god framferd blir prioritert i skulen.

Bjerkreim Venstre vil sikra full barnehagedekning. Krav om full dekning må ikkje gå utover kvaliteten på tilbodet.

Det skal vera godt å vakse opp i Bjerkreim. Difor er det viktig at barn og ungdom får eit endå betre kulturtilbod i fritida, samsundes som prisane i kulturskulen ikkje ekskluderer nokon. Venstre vil arbeide for å setje ein maks pris på tilboda uavhengig av kor mange tilbod ein nyttar.

Dei fleste fritidstilbod i kommunen er drifta av frivillige i lokale foreiningar og lag. Venstre vil vera ein pådrivar for at kommunen hjelper desse på ein ubyråkratisk måte.

Kommunen må syte for at det finst nok bygningar og anlegg til å huse tilboda for barn og ungdom. Bjerkreim Venstre vil derfor arbeide for ei utviding og oppgradering av stadionanlegget på Vikeså.



Næringsutvikling for framtida

Bjerkreim Venstre meiner det er svært viktig å utvikle ny næring i kommunen. Kommunen treng ein eigen nærings- og turistsjef som kan arbeida full tid med å gi støtte til etablerte og til nye bedrifter som vil etablera seg i kommunen. Han vil og vera ansvarleg for utvikling og marknadsføring av Bjerkreim som turistmål.

Det må etablerast nye industriområder kor det kan leggjast til rette for nye bedrifter i Bjerkreim.

Bjerkreim skal vera ein moderne kommune som kan tilby bedrifter og private tilgong til breibandstenester.

Bjerkreim Venstre vil arbeide for at kollektivtilbodet til og frå kommunen blir styrka. Spesielt må kollektivtilbodet mot Nord-Jæren og forbindelsen til Jærbanen vera god.

Det er viktig å syte for sikker og god vegstandard i kommunen og spesielt på E39.

VM i saueklipping blir eit viktig arrangement for Bjerkreim. Dette må kommunen profilera seg vidare på.

Næring



Landbruk med potensiale

Det er svært viktig å ta vare på landbruksnæringa i kommunen. Landbruket er strengt regulert, men Bjerkreim Venstre vil engasjera seg for å hjelpe dei som ønsker å starte opp med tilleggsnæring. Landbruket er inne i ei tid kor omstilling er viktig. Skal Bjerkreim fortsatt vera ein viktig jordbrukskommune i Rogaland må denne primærnæringa ha maksimal prioritering. Omstilling i landbruket kan skje gjennom mange ulike tiltak. Velferdsaukinga fører nødvendigvis ikkje til at vi kjøper meir mat, men vi kjøper meir oppleving.

Landbruksbasert næringsutvikling må skje på grunnlag av og i samspel med dei natur- og landskapsverdiane landbruket forvaltar. Elva, med fiske og andre opplevingsmuligheter, er eit aktivum. Kvalitetane i landskapet rundt elva er eit godt grunnlag for utvikling av ny næring

Ein nærings- og turistsjef må vera ein aktiv støttespelar spesielt for tilleggsnæringane i landbruket.

